



Voss kommune - Voss reinseanlegg. Inspeksjonsrapport nr. 2008.071

Verksemdas namn: Voss kommune

Verksemdas adresse:

Postboks 145, 5701 Voss

Organisasjonsnr: 960 510 542

Utsleppsløyve av: 22.01.2008

Tilstades frå kommunen:

Are Hirth, Zlatko Cemalovic, Olav Bjørke, Jon Hårklau,
Tilla Ruud, Torbjørg Austrud, Jakob Håheim, Nils Een,
Ove Hegg, Henning Ure, Bjarte Nethe

Arkivkode:

08/4222 - 472

Bransjenr. (NACE –kode):

75.110

Anleggsnr: 1235.040.02

Tidsrom for kontrollen: 05.11.2008

Frå Fylkesmannen:

Britt Solheim og Sissel Storebø

Rapporten inneheld:

Denne rapporten beskriv dei avvik og merknadar som vart avdekka innan følgjande kontrollerte område:

- internkontroll
- reinsekrav til avløpsanlegg
- overløp av ureinsa vann
- reinseanlegg: styring og drift
- utsleppsmålingar og utslippskontroll

Hovudkonklusjon:

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Internkontrollen har manglar
2. Utrekning av storleiken for Voss tettstad og reinseanlegget i antal pe er ikkje utført

Det vart gitt følgjande merknader:

1. Kommunen har ikkje avklart kven som skal akkrediterast for prøvetaking innan 31.12.2008.
2. Kommunen har ikkje med jamne mellomrom analysert avløpsvatnet for BOF₅.

Dato:

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

Sissel Storebø
overingeniør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein kontroll ved Voss reinseanlegg 05.11.2008. Kontrollen inngår i Kontrollaksjon Avløp 2008 som omfattar avløpsanlegg i større tettstader. Fylkesmannen har gjennomført kontrollen for å sørge for at avløpsanlegga vert driven i tråd med gjeldande krav, og at nye krav til reinsing frå 31.12.2008 blir følgt godt nok opp. Rapporten beskriv eventuelle avvik og merknadar som vart avdekka under kontrollen knytt til aktuelle tema. **Rapporten gjev ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjon på et avvik og merknad er som følger:

AVVIK er definert som brot på vilkår gitt i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter for å ivareta det ytre miljø.

MERKNAD er forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som fylkesmannen meiner det er riktig å påpeike for å ivareta og betre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut nettstaden vår: www.fylkesmannen.no/hordaland.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- Utsleppsløyve av 22.01.2008
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kap 11 og 14.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, (internkontrollforskrifta)

3. Omfang

Følgjande områder ble dekkja under inspeksjonen:

- Internkontroll med hovudvekt på risikovurdering og avvikshandtering
- Utsleppskontroll og utsleppsmålingar basert på utsleppsløyve av 22.10.2008 og krav i kap. 14 i forureiningsforskrifta
- Prøvetaking, grunnlag for utrekning av storleiken på tettstaden, forventa belastningsauke, førebuingar gjort for å møte nye krav frå 31. desember 2008 og forhold til eksisterande utslepp.
- Styring og drift av Voss reinseanlegg

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre tilhøve ved kommunen under inspeksjonen.

4. Avvik

Avvik 1

Internkontrollen er ufullstendig

Avvik frå

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) § 5 punkt 6
- Utsleppsløyve punkt 2. Generelle vilkår om internkontroll

Kommentar

Dette gjeld følgjande forhold:

- Det er ikkje utført ei dokumentert risikovurdering for avløpsanlegget.
- Risikovurderinga er ikkje følgd opp med ein handlingsplan for tilhøve med uakseptabel høg risiko.

Arbeidet med risikovurderinga til reinseanlegget har starta opp, men er ikkje fullstendig. Risikovurdering for ytre miljø skal omfatte både avløpsnett, overløp og reinseanlegg. Det skal også takast høgde for klimaeffektar. Risikovurderinga skal vere ein del av internkontrollen som skal oppdaterast jamleg.

Avvik 2

Utrekning av storleiken for Voss tettstad og reinseanlegget i antal pe er ikkje utført

Avvik frå

- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 13-1 m)
- Utsleppsløyve punkt 1. Løyvet si ramme

Kommentar

Det manglar dokumentasjon på utrekning av antal pe i tettstaden og for reinseanlegget i samsvar med NS 9426. Tala er ikkje oppdatert med tanke på utvikling over ein 10 års periode.

5. Merknader

Følgjande tilhøve vart avdekka under inspeksjonen:

Merknad 1:

Kommunen har ikkje avklart kven som skal akkrediterast for prøvetaking innan 31.12.2008.

Kommentar:

Ved tilsynet og i brevkontrollen vart det opplyst at det ikkje var avklart kven som skal akkrediterast etter krav i forureiningsforskriften § 14-11. Kommunen ventar på ei avklaring med Matlaboratoriet på Voss og DIHVA, og akkrediteringa vil sannsynligvis ikkje vere fullført innan fristen 31.12.2008.

Merknad 2:

Kommunen har ikkje med jamne mellomrom analysert avløpsvatnet for BOF₅.

Kommentar:

Utsleppsløyve set krav til analyse av 24 døgnblandprøver for BOF₅. Kommunen har ikkje analysert på BOF- verdiar før i oktober månad. Årsaka til dette er at kommunen har venta på avklaringar frå ei nasjonal arbeidsgruppe i regi av Norsk Vann på korleis desse prøvene skulle takast og oppbevarast. Etter møte med DIHVA og analyseselskapet Analycen 07.10.08 sendte kommunen første døgnblandprøve for analysing på BOF₅ 15.10.08.

6. Andre tilhøve

Det har vore gjennomført eit omfattande ombyggingsarbeid på reinseanlegget i 2008. Den biologiske reinseprosessen, biofilteret og flotasjonsanlegget har vore ute av drift frå januar til august. Ein prøve av KOF har i denne perioden lagt over reinsekravet, mens reinseeffekten på Tot- P har vært tilfredstillande.

Avløpsanlegg over eller lik 20 000 pe har krav om å ta prøvar av tungmetall, mens avløpsanlegg over 50 000 pe har krav om prøvetaking av organiske miljøgifter, jf kapittel 11, tabell 2.1.1. i vedlegg 2 i forskrifta. Voss reinseanlegg er mindre, utrekna i pe til at dette kravet vert utløyst. Kommunen tar likevel seks inn- og utløpsprøvar frå avløpsvatn som vært analysert for tungmetall. Fylkesmannen finn det positivt at kommunen tar prøver av innhald tungmetall i avløpsvatnet slik at ein eventuelt kan drive kildesporing, om naudsynt setje inn tiltak for å redusere innhaldet av miljøgifter.

Det er ikkje sett akseptgrenser for analyser av tungmetall eller organiske miljøgifter i avløpsvatn frå avløpsanlegg, slik det er gjort for landbasert industri. Dette vil vi ta vidare opp med SFT.

Myrkdalen reinseanlegg er òg ein større tettstad der Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt. Det vart ved tilsynet diskutert om utsleppstala for dette anlegget skal rapporterast inn i KOSTRA og eventuelt kven som skal leggje data inn. Fylkesmannen har teke spørsmålet opp med SFT. KOSTRA er i utgangspunktet ein kommune - stat rapportering. Men då det er den einaste rapporteringa på avløpssida, er den utvida til å gjelde all avløpsrapportering. Det vi sei at data frå private anlegg som for eksempel turistanlegg, campingplassar etc > 50 pe skal rapportere via kommunen. Dette fører til at Myrkdalen reinseanlegg skal rapportere til Voss kommune som skal leggje utsleppsdata inn i KOSTRA.